SUNNHORDLAND MUSEUM – FELLES KULTURARV KREV FELLES ANSVAR

Til Fitjar kommune

Søknad om kommunalt driftstilskot på kr 50 pr. innbyggjar
Sunnhordland museum ber Fitjar kommune om å gjere eit tydeleg politisk val:
Auka driftstilskotet til Sunnhordland museum til kr 50 pr. innbyggjar.

Tidlegare tilskot har vore:
Kr 7 pr. innbyggjar frå dei kommunane som ikkje har bygg.
Kr 12 pr. innbyggjar frå dei kommunane som har bygg/ tun.
Tilskotet har vore justerast årleg etter folketal og kommunal deflator.

Den nye satsen på kr 50 pr. innbyggjar som museet no søker om, ligg kr 30 under det kommunar løyver til andre museum Sunnhordland museum kan samanlikne seg med. Dette handlar om meir enn storleiken på eit årleg tilskot. Det handlar om kva ansvar kommunane i Sunnhordland ønskjer å ta for historia, kulturarven og identiteten vår, og om kva slags region me ønskjer å vere i framtida.

Kommunane sitt ansvar
Sunnhordland museum forvaltar verdiar som er bygde opp gjennom generasjonar. Historiske bygningar, gjenstandar, arkiv, foto og kunnskap representerer ein kulturarv som høyrer til heile regionen. Dette er verdiar som ikkje kan takast for gitt.
Dei krev kontinuerleg vedlikehald, fagleg forvaltning, dokumentasjon og formidling. Når kostnadene og ansvaret aukar, medan dei økonomiske rammene ikkje følgjer etter, blir resultatet i realiteten ei gradvis svekking av tilbodet og av evna til å ta vare på kulturarven. Det er eit politisk ansvar å hindre at dette skjer.

Kommunane ønsker levande lokalsamfunn, attraktivitet, reiseliv, gode oppvekstmiljø og stoltheit over eigen historie og framtidig utvikling og vekst. Sunnhordlandsregionen er rik på historie og den treng å løftast og verdisetjast gjennom tilstrekkelege midlar.

På budsjettramma for 2026 dekker Kulturdepartementet 45 % (kr 5 215 000), Vestland fylkeskommune (drift kr 3 793 068, bygningsvernrådgjevar kr 573 574) 38 % og alle Sunnhordlandskommunane dekker totalt 6 % av ramma (kr 644 956) . Denne verdisetjinga frå kommunane si side er uheldig for kulturarven i regionen, for drifta til Sunnhordland museum og signala ein sender ut regionalt og nasjonalt.

Her er ein oversikt over driftstilskot til Sunnhordland museum for 2025 og 2026:

Driftstilskot Sunnhordland Museum		
	2025	**2026**
Kulturdepartementet	5 040 000,00	5 215 000,00
Vestlandfylkeskommune - driftstilskot	3 647 180,00	3 793 068,00
Vestlandfylkeskommune - bygningsvernkonsulent	577 500,00	573 574,00
Stord kommune	241 700,00	249 383,00
Bømlo kommune	80 000,00	80 000,00
Kvinnherad kommune	164 312,50	171 240,00
Etne kommune	51 037,50	53 237,50
Sveio kommue	42 099,10	43 572,10
Fitjar kommune	23 235,90	24 457,10
Tysnes kommune	21 549,60	23 066,90
Austevoll kommune	-	-
Summert	*9 888 614,60*	*10 226 598,60*

Dersom alle dei 8 kommunane i Sunnhordland aukar driftstilskotet til kr 50 pr. innbyggjar, vil kommunane totalt ligge om lag 300 000 under driftsløyvinga frå Vestland fylkeskommune.

Kr 50 per innbyggjar er ei prioritering
Sunnhordland museum er fullt klar over at kommunane står i ein krevjande økonomisk situasjon med mange viktige oppgåver og tøffe prioriteringar. Kr 50 per innbyggjar er eit avgrensa økonomisk grep som kan ha stor effekt.
For ein kommune utgjer dette ein relativt liten del av det samla budsjettet. For Sunnhordland museum vil det derimot gje eit langt betre grunnlag for å planleggje, prioritere og levere tenester over tid.

Sunnhordland museum er ein viktig ressurs for Fitjar kommune
Museet er ein viktig ressurs for skule, reiseliv, samfunnsliv og forvaltning av kulturarven.

Museet forvaltar kulturarven og gir følgande tenester til Fitjar kommune:

- Museet leverer magasinoppbevaring, registrering og dokumentasjon av fleire tusen gjenstandar, nokre krev spesialoppbevaring og konservering. Totalt har museet ansvar for over 25 000 gjenstandar frå alle kommunane i regionen. Mange utgifter er knytt til denne avdelinga som t.d. leige av eksternt magasin på Litlabø. Gjenstandshandtering er eit ressurs – og tidkrevjande arbeid.
- Museet leverer fagfundert formidling til m.a. barnehagar, skular, aldersheimar og vaksenopplæringa.
- Museet leverer museumsrådgjeving og bygningsvernrådgjeving til privatpersonar, private samlingar og til det offentlege (kommunane).
- Museet opprettar arrangement og sosiale møtestader i samarbeid med mange ulike lag og organisasjonar, men også saman med offentlege aktørar.
- Museet representerer regionen gjennom mange ulike nettverk og samarbeidspartnarar både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt (museumsnettverk, mellomaldernettverk, ruinbevaringsnettverk, Kystpilegrimsleia,

Geopark Sunnhordland, ulike frivillige lag og organisasjonar, skular, barnehagar, høgskular, universitet)

- Museet leverer kurs i tradisjonshandverk og er formidlar og berar av immateriell kulturarv.
- Museet legg til rette for reiseliv gjennom samarbeid med visitselskap og aktørar i dei ulike kommunane, og mottak av cruisegjester, bussar og andre turistar på fleire anlegg.
- Gjennom midlar frå Vestland fylkeskommune har Sunnhordland museum oppretta eit prosjekt «Maritimt nettverk» som har som mål å organisera/samla dei ulike aktørane som driv frivillig for å fremma og ta vare på den rike maritime historia i alle Sunnhordlandskommunane.
- Sunnhordland museum tek samfunnsansvar ved å samarbeide med Kriminalomsorgen og NAV for å gi menneske moglegheiter til arbeid, inkludering og meistring gjennom meiningsfulle oppgåver og fellesskap.

Sunnhordland museum tek eit stort ansvar og har mange utgifter knytt til drift. Dersom driftstilskota ikkje blir styrkte, må museet redusere aktivitet, utsetje vedlikehald, prioritere hardare mellom oppgåver og i mindre grad kunne utvikle nye tilbod.

Eit museum for heile regionen
Sunnhordland museum skal ikkje vere eit museum for éin kommune. Det er ein felles regional institusjon. Difor meiner me også at kommunane bør ha eit felles ambisjonsnivå for finansieringa.
Når kommunane bidreg med same prinsipp – **kr 50 pr. innbyggjar** – viser det at regionen står samla om kulturarven.
Sunnhordland museum treng å drive føreseieleg og langsiktig. Museet ber derfor ikkje Fitjar kommune om berre å auke sitt tilskot, men å gå føre og støtte eit felles regionalt løft.

Kulturarven kan ikkje setjast på vent
Ein kommune kan utsetje investeringar. Ein kan endre ein aktivitet eller redusere eit tilbod, men når kulturhistoriske verdiar først går tapt, kan dei ikkje hentast tilbake.
Eit historisk bygg som forfell, ein gjenstand som ikkje blir forsvarleg bevart, eller kunnskap som ikkje blir dokumentert, kan vere tapt for alltid.
Det gjer finansieringa av museet til eit spørsmål om langsiktig forvaltning, ikkje berre om årets budsjett.

Auka driftstilskot
Sunnhordland museum ber derfor kommunestyret i Fitjar kommune om å gjere følgjande vedtak:
Fitjar kommune aukar sitt årlege driftstilskot til Sunnhordland museum til kr 50 pr. innbyggjar, med verknad frå budsjettåret 2027 – 2031. Tilskotet vert justert årleg etter folketal og kommunal deflator.
Kommunestyret meiner at eit felles finansieringsnivå på kr 50 per innbyggjar bør vere eit mål for kommunane i Sunnhordland, og ber om at dette blir lagt til grunn i det vidare regionale samarbeidet. Dette vil vere eit konkret og synleg uttrykk for at Fitjar kommune tek ansvar for den regionale kulturarven og ønskjer å bidra til eit sterkt og framtidsretta museum.

Sunnhordland museum ber ikkje kommunane om å finansiere fortida. Me ber dei om å investere i framtida – med utgangspunkt i den historia som har skapt regionen vår.

Stord, 12.10.2026

Med venleg helsing
Sunnhordland museum
Nina M.Olsen
Direktør